



## EKSAMEN

|   |   |
|---|---|
| Emnekode:   | Emne:   |
| <b>LNOR10211</b>  | <b>Norsk 102</b><br>Målform: Nynorsk  |
| <b>LUNOR10210</b>   | <b>Norsk 102 (5-10)</b><br>Målform: Nynorsk   |
| Dato: 24.05.2012  | Eksamenstid: kl. 09.00 til kl. 17.00  |
| Hjelpe middel:<br><br>Tillatne hjelpe middel er gjeldande læreplan for grunnskolen, ordbok eller ordliste og utskrift av mappe med innleverte arbeidskrav.  | Faglærarar:<br><br>Benthe Kolberg Jansson<br>Bjørn Kvifte<br>Leif Erik Vold<br>Mette Kristin Østlie   |
| Eksamensoppgåva:<br><br>Oppgåvesettet består av fire sider inklusiv denne framsida. Kontroller at oppgåva er komplett før du begynner å svare på spørsmåla.<br><br>Alle kandidatane må svare på både del 1 og del 2.<br><br>Alle skal skrive svara på pc. Hugs å lagre fila på den lokale harddisken. Den ferdige versjonen skal skrivast ut på printer i eksamenslokalet i tre eksemplar. Kandidatane skal sjølv behalde eitt av eksemplara. |   |
| Sensurdato: 15.06.2012  | Karakterane er tilgjengelege for studentar på studentweb seinast 2 virkedagar etter oppgitt sensurfrist. Følg instruksjonar gitt på: <a href="http://www.hiof.no/studentweb">www.hiof.no/studentweb</a> |

## **Del 1: Grammatikk**

### **A Syntaks**

Gi ein syntaktisk analyse av desse ytringane:

1. Han sendte henne ein e-post den kvelden.
2. Den unge mannen, som ho tilfeldig hadde møtt på gata, sendte henne ein lang e-post den same kvelden.
3. Derfor svarte ho han dette.
4. Fordi han heilt tydeleg forsøkte å flørte med ho, svarte ho at ho ikkje var interessert.

### **B Morfologi**

1. Bruk eksempel og gjer greie for desse omgrepa innanfor morfologien:  
fritt morfem, bunde morfem, grammatiske morfem, leksikalsk morfem, stamme og rot.
2. Vis med hjelp av trediagram den morfologiske oppbygginga av ordformene  
visebokteksthefte, forståinga, meisterlege.

## **Del 2: Skriveteori, skriveopplæring og elevtekster**

*Om oppgåva og krav til svaret:*

Oppgåva er tredelt: 1) analyse og vurdering av elevtekst, 2) eit emne som skal drøftast og 3) eit emne det skal greia ut om. Svaret skal skrivast som ein samanhengande artikkel, der mellomtitlar kan brukast for å markere dei tre delane. Alle delane skal vere forankra i pensumlitteratur og i LK06.

*Oppgåvetekst:*

Analyser og vurder elevteksta «Bileta» (sjå vedlegg). Drøft deretter korleis elevane kan nå målet om brei sjangerkompetanse i norsk skriftleg, spesielt i det som læreplanen kallar sakprega sjangrar. Gjør til slutt greie for utfordringar knytt til kjønn i skriveopplæringa.

*Kontekst for elevteksta:* Teksta er skrive av ei jente til «juletentamen» i 9. klasse utan andre hjelpemiddel enn ordliste. Jenta har bokmål som hovudmål. Klassen hadde denne hausten lese mye skjønnlitteratur på nynorsk og arbeidd med skriving i skjønnlitterære sjangrar, spesielt noveller.

## Vedlegg

### Oppgåve 3

#### Bileta

Eg vakna brått opp av ein dundrande hovudpine. Det var søndag morgen, og klokka var 10. Eg hørte gåing i underetasjen. Det var sikkert bror min. Han er 10 år gammal, og er alltid tidleg oppe i helga. Eg strakte armen min ut mot nattbordet mitt og prøvde å finne knappen for å skru på lyset. Eg fann han etter litt leting, skrudde på lyset, og satt meg opp i senga. Så kjende eg det igjen, den kraftege hovudpinen. Eg tok handa på panna og kjende etter. Det var ingen kul der, og eg kunne ikkje hugse at det hadde skjedd noko som skulle ha vært grunnen for det kraftege hovudpina. Eigentleg hugsa eg ikkje noko av kva som hadde skjedd kvelden før heller. Det siste eg hugsa var at eg møtte Kjell på gata. Eg skulle så følje med han til ein fest som skulle vere den kvelden. Så hugsa eg at vi gjekk gjennom dei mørke gatene, heilt til vi høyrd høg musikk i eit hus. Vi nærma oss, og banka på. Så hugsar eg ikkje meir. Det måtte ha skjedd noko på festen. Eg begynte å bli redd for at det hadde skjedd noko farleg eller flaut på festen. Kanskje eg hadde blitt slått ned. Det tvilte eg på, for eg hadde ikkje noko merker eller vondt nokon annen stad enn i hovudet. Så slo det meg, eg hadde sikkert drukke meg kraftig full. Det var den mest logiske forklaringa på at eg ikkje hugsa noko og at eg hadde så vondt i hovud. Og eg som hadde satt meg eit mål med å ikkje drikke før eg ble 18 år gammal, og nå hadde eg drukke da eg var 15. Tenk om mor og far min fann ut av det. Dei ville bli så skuffa og sinte. Eg måtte halde det hemmeleg, og måtte late som om eg ikkje hadde noko vondt i hovudet. Eg kjende på ånda min. Jo, eg hadde nokk drukke, for det var framleis litt lukt igjen. Eg løp ut på badet og pussa tenna grundig og tok ei gigantisk dose munnskyld. Så gjekk eg ned for å ete frukost med foreldra mine.

Resten av dagen prøvde eg å halde meg borte frå foreldra mine. Eg gikk ut på formiddagen og var med vennar. Eg hadde nesten ikkje tenkt på redselen at nokon skulle finne ut av det som hadde skjedd, men det ble verre på ettermiddagen, da eg satt meg på pc-en. Eg gikk inn, logga meg på MSN, og chatta litt med folk. Alt var fint, helt til ein på trinnet mitt skrev ein melding. "fine bildar av deg på facebook", sa han. Da trur eg at hjartet mitt stoppa i nokon sekundar. Eg opna ei internett side og gikk inn på Facebook. Da eg gikk inn på der alle bildar av meg

var, ble eg veldig redd. Det var eit heilt album av bildar frå festen i går. Eg så bildar av meg med mange andre som så heilt fjerne ut. Vi dansa rundt med øl og sprit i henda. Etter kvert som eg kom lenger i biletesariane, ble det verre og verre. Eg så rett og slett ut som ein zombi som dansa rundt. Rundt var det fult av andre folk, men dei så ikkje så fordrukne ut. Etter å ha sett alt dette, var eg totalt sjokkert, men det var ingen ting i forhold til kva eg følte etter at eg hadde sett dei siste bileta. Da begynte eg å kle av meg mens eg dansa. Noko så flaut. Eg sto midt utover golvet og dansa naken mens alle so og så på med eit rart blikk. Nokon sto og hadde krampelatter, mens andre så på meg som om eg var heilt gal, noko som eg var. Eg måtte få sletta dette, men det ville uansett kome ut igjen, for mange hadde nok lagt ut bileta ut andre stader.

Livet mitt var øydelagt. No kom eg aldri til å klare å få meg jobb, for dei fleste arbeidsgivrarar søker opp namnet ditt på internett før dei gir deg ein jobb, og om dei søker opp mitt, har eg nok ikke sjans etter at det får sjå dei bileta. Det blir nok bare å sitte i kassa på Meny for meg. Så var det det med skulen. Alle hadde nok sett bileta nå. Alle kom til å le og mobbe meg resten av livet med det.

Neste dag prøvde eg så godt eg kunne å overbevise foreldra mine om at eg ikkje var i stand til å dra på skulen, men dei ville ikkje høre etter. Eg kom meg på skulen, og det første eg merka var at alle så rart på meg med ein gong eg kom inn i skulegarden. Eg hørde nokon som ropte noko om at eg var ein strippar eller noko sånt. Da eg kom inn i klasserommet, så alle også rart på meg. Til og med læraren så rart på meg. Hadde han også sett bileta? Heile denne dagen ble ubehagelig. Alle på skulen hadde sett eller hørt om bileta, og det kom ikkje til å ta lang tid før til og med broren min fikk vite om dei.

Da eg kom heim, så eg at foreldra mine sto og så sinte på meg. Dei hadde kome heim frå jobb fordi dei hadde høyrd av nokon på jobben at dei hadde sett nokon ekle biletar av meg. Dei sa bare at dei ikkje klarde å snakke med meg nå, og at eg skulle på gå på rommet mitt og fikk ikkje lov til å gå ut utanom skulen på minst to månader. Dei så så skuffa ut at dei haldt på å falle saman.

No har eg framleis problem på grunn av det som skjedde, 10 år etter. Eg har ikkje kunne fått meg skikkeleg jobb, så eg sit i kassa på Meny annankvar dag. Eg har også problem med å få meg vennar, for alle vennar finn vanlegvis ut av alt med bileta, og begynner å le av det. Så, etterkvert, stoppar dei å vere med meg. Eg har lite med pengar, så eg leiar ein liten leilegheit. Ikke nokk med det, så har eg så lite vennar å være med, så eg sit å spill dataspel heile tida unntaket når eg er på jobb. Lagt på meg har eg også gjort. Alt dette fordi eg måtte dra på den festen og at nokon måtte ta biletar av alt som skjedde der.